



SULDAL BARNEHAGE

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS
ARKIVNR.: 330.01	AR.
- 8 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 2005/03580	

-193

Dykkar ref.

Vår ref.
2005001854-3 2005013326
Kirsti Bangsund

Arkivkode:
A10

Dato:
31.10.2005

FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN - HØYRING

Suldal kommune vil gje desse merknadene:

Ein tykkjer at forslaget til revidert rammeplan for barnehagen er bra. Planen er kort, lettfatteleg og informativ. Ein tykkjer det er svært bra at det er sett klare og konkrete arbeidsmål for personalet, slik det er gjort i samband med barnehagen sine fagområde.

Suldal kommune er positive til at det vert laga temahefter, og ynskjer spesielt at det blir laga hefter om lek og borna sin medverknad.

Barnehagane er i ei spennande tid som krev omstilling og nytenking. Med konkrete mål for personalet i arbeidet med fagområda, og styrking av barns rett til medverking er ein på rett veg. Men det er behov for å seie noko om naudsynt tid og kompetanse for å ta tak i desse utfordringane. Livet i barnehagen er hektisk og spennande, samstundes som det pedagogiske personalet stadig får ei større utfordring i å vega ulike behov opp mot kvarandre. I samband med dette blir behovet for fleire pedagogar i barnehagen synleg. Ein ser det som nødvendig med fleire fagpersonar i direkte arbeid med borna, og som har tid og rom til rettleiing. Ein hadde ynskja at rammeplanen sa noko meir om den pedagogiske bemanninga i barnehagane.

Kap 2.3. Barns medverknad

Ein er nøgd med fokuset som er sett på borna sin medverknad. Ein meiner at borna har stor grad av medverknad i livet i barnehagen i dag. Men denne medverkinga har kanskje eit meir utformelt preg. Ei styrking av borns medverking i ny rammeplan talar for at ein legg til rette for meir systematisk og formell medverking frå borna i barnehagen. Som høyringsuttalen seier krevjar dette "gode relasjonar og tid og rom for å lytte og samtale". Det er nødvendig å slå fast at eit slik arbeidet med borna sin medverking tar tid, og krevjar kompetanse.

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse
Kommunehuset

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 22 74

Telefaks
52 79 22 75
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
3202.07.01152
Org. nr.
964979189



www.suldal.net

Kap. 5.1. Leik

Fyrste setning byrjar: "Leken skal ha ein framtrede plass". Ein ynskjer eit skjerpa fokus på leiken sin betyding. Forslag til ny ordlyd:

Leken skal ha en sentral plass i barna sitt liv i barnehagen.

Vidare tykkjer ein det er naturleg å setja klare og konkrete krav til dei vaksne sin rolle knytt til borna sin leik, slik det er gjort i samband med fagområda.

Ein meiner også at det fysiske miljøet i barnehagen kan ha stor betyding for leiken, ein ser det difor som naturleg at den nye planen seier noko om dette.

Kap 6.7 Nærmiljø og samfunn.

Under mål for personalet – strekpunkt 5. – "skal gi barna kunnskap om menneskerettigheter....."

Ein ynskjer strekpunktet endra, og kjem med følgjande forslag til ordlyd:

Ha kunnskap om menneskerettigheter, spesielt barnekonvensjonen.

Ynskje om endring er grunna i at stadig fleire born er under 3 år, ein ser det då som meir hensiktsmessig at personalet har kunnskap om menneskerettigheter. Har ein nødvendig kunnskap, vil det vidare vera heilt naturleg å gje kunnskap om dette vidare til dei aktuelle aldersgruppene i barnehagen.

Kap 8.1 Grunnskolen

Eit godt samarbeid mellom barnehage og skule kan vera avgjerande for at born og foreldre opplever ein god skulestart. Ein er glad for at dette temaet er vidareført i den nye planen, og at det er sett fokus på at skulen og barnehagen har eit felles ansvar. Men eit godt samarbeid fordrar ei gjensidig forplikting frå begge partar. Etter det ein kan sjå er ikkje samarbeidet mellom skulen og barnehagen tatt med i den nye læreplanen for skulen. Om dette er tilfelle tykkjer ein at dette er svært beklageleg.

Det gjerast mykje godt arbeid i overgangen frå barnehagen til skulen i dag, men ein kan ha inntrykk av at innhaldet og kvaliteten på samarbeidet er ulik frå plass til plass. Dette kan føre til at dette viktige arbeidet får eit tilfeldig preg. I barnehagen handlar dette om å gje born og foreldre ei god avslutning frå livet i barnehagen samstundes som ein bidrar til ein mjuk overgang til skulen. Barnehagen seier farvel til born som ein har jobba med gjennom mange år, og har følgeleg god kunnskap om kva behov de ulike borna og gruppene har. Denne lærdommen vil ein i samarbeid med foreldra gjerne gje vidare til skulen, som er ein stor del av framtida til disse borna mange år fram i tid. Eit samarbeid med barnehagen om overgangen er noko som skulen i høgaste grad burde vera oppteken av -og forplikta til, på lik linje med barnehagen.

Med helsing


Kirsti Bangsund
barnehagesjef